



Sel kommune
Utskrift av møtebok

Arkivsak: 2008/172 -21

Arkiv: V60

Saksbehandler:

Per-Ivar Weydahl

Dato: 22.02.2013

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
19/13	Formannskapet	05.03.2013

Høring av forslag om innskrenkingar i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjering

Vedlegg vedlagt: Høyringsdokumenta frå LMD.

Saksutredning

Landbruk- og matdepartementet har sendt på høring forslag til endringar i odelsloven.

Kort fortalt går forslaga ut på å innskrenke odelskrinsen. Departementet foreslår å endre odelskrinsen slik at berre barn av *eigar* med odelsrett kan ha odelsrett. Dette gjeld noverande og tidlegare eigarar. I tillegg foreslår departementet, på bakgrunn av uttale frå Lovavdelinga i Justisdepartementet, at *barnebarn av siste eigar med odelsrett skal ha odelsrett*.

I tillegg foreslår departementet vidare å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering ved overtaking av tilleggsjord på landbrukseigedom.

Vurdering

Vedlagte dokument gir ei grei innføring i det historiske bak odelsloven. Det er interessant lesing for dei ønskjer å sjå litt bak sjølve lovteksten.

Ved å innskrenke odelskretsen vil det kunne bli færre odelsløysingssaker. D.v.s. saker der ny eigar utan odel kan bli tvunget til å overdra garden til den som har kravd odelsløysingssak. Sannsynlegvis vil det bli færre perifere slektningar som vil erverve slektsgarden. Dette vil kunne bety at fleire gardsbruk kan bli seld på den «opne» marknaden.

I gjeldande lov har nieser og nevøar/ søskenbarn odelsrett. Denne gruppa har ofte mindre tilknytning til den landbrukseigedom som skal seljast, og er i mindre grad inne i dei vurderingane som ligg til grunn når ein eigar vil selja eigedommen ut av slekta. Slik sett kan ein tenke seg at denne gruppa arvingar kan hindre eit gardssal ut av odelsslekta.

Etter administrasjonen sin vurdering vil endringane i ei innskrenking av odelskrinsen vere gunstig for å få større utbod av landbrukseigedommar. Det er eit uttrykt ønskje i.o.m. at ein veit at det er interesse i å kome inn i næringa frå personar utan gardstilknytning.

Når det gjeld oppheving av § 31 i odelslova, odelsfrigjering, er det som nemnt i høyringsdokumentet svært få saker. Desse sakene er i tillegg arbeidskrevjande. Ved å innskrenke odelskretsen vil ein sannsynlegvis få enda færre saker. Intensjonen med odelsfrigjering er positiv, men blir nytta svært sjeldan.

Rådmannens forslag til fråsegn:

Sel kommune støtter i sin heilskap forslaget frå Landbruks og matdepartementet om innskrenking av odelskrinsen og oppheving av § 31 i odelsloven (odelsfrigjering)

Behandling i Formannskapet - 05.03.2013:

Rådmannens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i Formannskapet - 05.03.2013:

Sel kommune støtter i sin heilskap forslaget frå Landbruks og matdepartementet om innskrenking av odelskrinsen og oppheving av § 31 i odelsloven (odelsfrigjering)

Rett utskrift

Dato: 06.03.2013

Eva R. Nårstad

sign